



Notat

Dato: 02.03.2015
Arkivsak: 2014/12157-74
Saksbehandlar: elsaaro1

Til: Kultur- og ressursutvalet, Opplæring- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sluttrapportering Kompetanseprogrammet "Folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Helsefremjande nærmiljøkvalitetar for SFO" Hordaland 2012-2014

Eit toårig utviklingsarbeid/ kompetanseprogram om korleis nærmiljøkvalitetar og tiltak kan fremje helse og trivsel i befolkninga er nettopp avslutta. 25 kommunar i 5 fylke har delteke. Høgskular og universitet er involvert i kompetanseprogrammet i samarbeid med fylkeskommunar. Hordaland fylkeskommune har samarbeidd med Høgskolen i Bergen og tre kommunar om programutviklinga gjennom 2012-2014. Utviklingsarbeidet er initiert av Helsedirektoratet og omtala i framlegget til statsbudsjettet frå Helse og omsorgsdepartementet 2015.

Fylkesrådmannen bygger notatet/sluttrapporteringa på følgjande evalueringar/rapportar:

- Evaluering av kompetanseprogrammet «*Folkehelse og nærmiljøkvalitetar*». Utført av Universitetet i Agder og Høgskolen i Bergen på oppdrag frå Helsedirektoratet. Førebels. Februar 2015.
- Evalueringsrapport «*Folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Helsefremmende nærmiljøkvalitetar og SFO*» til Helsedirektoratet frå Høgskolen i Bergen. Januar 2015.
- Rapport om bruken av tilskotsmidlar til Helsedirektoratet frå Hordaland fylkeskommune. Januar 2015.

Samandrag

Kompetanseprogrammet «*Folkehelse og nærmiljøkvalitetar*» er frå Helsedirektoratet si side eit ledd i implementeringa av Folkehelselova frå 01.01.2012, særleg knytt til oversiktsarbeidet § 5 c. Eit overordna mål med arbeidet er å auke kunnskap på tvers av deltakarorganisasjonane, og å utvikle ny kunnskap om samanhengar mellom folkehelse og ulike faktorar i nærmiljøet. Hordaland har delteke saman med Finnmark, Nordland, Vest Agder og Aust Agder fylker i programmet.

«*Folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Helsefremmende nærmiljøkvalitetar for SFO*» er Hordaland sitt bidrag til programutviklinga. Skulefritidsordninga (SFO) blei valt som innsatsområde i Hordaland. Samarbeidspartar lokalt har vore Høgskolen i Bergen, Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga/ folkehelsesteamet og kommunane Bergen, Osterøy og Sund. Tilsette ved 8 skular/ SFO i dei tre kommunane har delteke. Gjennom samlingar, undervisning og vegleing skulle deltakarar frå skulane/ SFO få ei breiare forståing for eige nærmiljø som folkehelsearena. Vidare skulle dei gjennom bruk av tiltaksmidlar frå Helsedirektoratet,

eigeninnsats, bidrag frå Hordaland fylkeskommune og Høgskulen i Bergen, utvikle lokale nærmiljøprosjekt og knyte desse opp mot folkehelsearbeidet i eigen kommune. Dei lokale prosjekta skulle bidra til å auke samhandling med ulike aktørar i eige nærmiljø, bidra til å auke deltaking og inkludering, til å jamne ut sosiale skilnader i helse og helst gje langsiktige verknader.

Ved prosjektslutt 01.01.15, har skulane gjennomført programmet og er godt i gang med implementering av tiltaka. Skulane rapporterer at arbeidet lokalt vil fortsetje framover våren 2015. Deltakarane formidlar at prosjekta har ført til større lokalt engasjement. Dei ulike skulane har utvikla prosjekt/ tiltak utfrå sine lokale rammer og behov. Det er lagt ned ein betydeleg eigeninnsats i prosjekta. Pilotprosjektfasen for programmet var i 2013 og 2014. Kompetanseprogrammet er både evaluert lokalt i Hordaland januar 2015, og gjennom ei felles evaluering i alle fylke i februar 2015.

Bakgrunn

Helsedirektoratet tok i 2012 initiativ til eit utprøvningsprogram/ kompetanseprogram om «Folkehelse og nærmiljøkvalitetar». Gjennom Folkehelsemeldinga (Meld. St.nr. 34 2012-2013) *God helse – Felles ansvar* vert det peika på at helseomsyn skal få ein større plass i utvikling av stadar, nærmiljø og lokalsamfunn. Gode stadar og lokalsamfunn har stor verdi for livskvalitet, trivsel og helse. Slike omsyn skal takast i vare både i samfunns- og arealplanlegging og i regional og lokalt utviklingsarbeid. Helsedirektoratet har i sin bakgrunnsomtale for programmet lagt vekt på at lokalsamfunn og nærmiljø er viktige arenaer i folkehelsearbeidet som kan få ein avgjerande verdi for folk si helse.

Nærmiljø kan sjåast på som ei samlenemning for dei ulike fysiske og sosiale tilhøva i eit lokalmiljø; det omfattar m.a. trafikktilhøve, samfunnsmessige og kommersielle tenester, barna sine mogelegheiter for leik og folk sine mogelegheiter for friluftsliv (Etter Store Norske leksikon, 2012). Nærmiljø handlar i følge Helsedirektoratet om både fysiske og sosiale tilhøve, samspelet mellom menneske og mellom menneske og dei fysiske omgjevnadane. Med «*nærmiljøkvalitetar*» tenkjer ein på dei faktorane i nærmiljøet som fremjar eller motverkar folkehelsa.

Utviklingsmåla frå Helsedirektoratet for deltaking i pilotprosjektet/ kompetanseprogrammet var:

- *Å utvikle kunnskap om hvordan ulike nærmiljøfaktorer kan påvirke folks helse*
- *Å utvikle tverrsektoriell kompetanse om betydningen av gode nærmiljøer og gjennomføring av tiltak*
- *Å utvikle og legge opp til et utprøvningsarbeid i kommuner som bidrar til styrking av nærmiljøkvaliteter sett i et folkehelseperspektiv*
- *Å bidra til at tiltak fra utprøvingen forankres i kommunale planer*
- *Å bidra til etablering av kompetansegivende tilbud om folkehelse og planlegging utvikles ved den enkelte høgskole*
- *Det tas sikte på å legge opp til følge- og sluttevaluering*

Prosjektorganisering og deltaking i Hordaland

Deltaking frå Hordaland fylkeskommune i pilotprosjektet er forankra som tiltak 2.1.2 i handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse 2014 -17. «*Gjennomføre pilotprosjekt om folkehelse og nærmiljøkvalitetar i SFO*». Strategi 2 B i planen tek sikte på å «*Auke kunnskapsgrunnlaget om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa*».

Føresetnader for deltaking i kompetanseprogrammet var samarbeid mellom fylkeskommunen og eit utdanningsmiljø lokalt, og samarbeid med kommunar. Hordaland fylkeskommune etablerte samarbeid med Høgskolen i Bergen. HiB har vore prosjektleiar i Hordaland, og har vore hovudansvarleg for utvikling og drift av programmet/ prosjektet, utvikling av kartleggingsverktøy og vegleing. Hordaland fylkeskommune har vore ansvarleg for å initiere samarbeid med HiB og med kommunar, samt halde kontakt med kommunane/

skulane gjennom prosjektutviklingsfasen. Fylkeskommunen har også delteke i programutvikling og vegleiing.

I prosjektgruppa har det delteke representantar frå ulike avdelingar ved Høgskolen i Bergen og frå Regionalavdelinga/ folkehelseteamet Hordaland fylkeskommune. Invitasjon om deltaking i programmet gjekk ut hausten 2013 til tre kommunar i Hordaland, som alle takka ja. Val av deltakarkommunar blei gjort på grunnlag av nærleik til HiB/ HFK for praktisk gjennomføring. Vidare vart det lagt vekt på å få med kommunar/ område med lav skåre på oppvekstvariablar på lokale levekårstatistikkar/ folkehelseprofilar. Osterøy kommune deltok med Valestrand og Lonevåg skule, Sund kommune med Skogsvåg skule, Pollen skule og Stranda skule. Mens Bergen kommune var representert med Løvås oppveksttun, Christi Krybbe skoler og Slettebakken skule.

Økonomiske rammer

Kompetanseprogrammet har vore todelt. I 2012-13 blei Høgskulen i Bergen tildelt tilskotsmidlar til programutvikling av kompetanseprogrammet, gjennom tilskotsordninga over statsbudsjett kapittel 719 post 21. For 2013-14 blei det løyvd tilskotsmidlar kr 516 800,- til tiltaksutvikling i kommunane, gjennom tilskotsordninga frå kapittel 719 post 560 til Hordaland fylkeskommune for vidare fordeling. Deltakaraskulane i søkte på tiltaksmidlar frå ordninga på til saman kr. 688 093. To prosjekt i same kommune blei vurdert samla på grunn av skulesamanslåing frå hausten 2015. Sju prosjekt fekk tildelt midlar på bakgrunn av innsendt prosjektskisse, vurdering av prosjektmål og tiltak, samt prosjektstorleik. På dette grunnlaget varierte prosjektstøtta frå kr 55 000 til kr 110 000. Dei fleste SFOane/ skulane fekk tildelt kr 65 000. Det blei stilt krav om medfinansiering med ca. 50 %. Eigeninnsats og dugnadsinnsats frå skulane/ kommunane er rekna som slik finansiering. Alle skulane/ kommunane har bidrege inn i delprosjekta med betydeleg eigeninnsats. Prosjektmidlane er nytta til tiltaksutvikling ved skulane, ikkje til frikjøp av personellressursar for å drive prosjektet. I fleire av prosjekta er det også utført ein betydeleg innsats i form av frivillig arbeid frå tilsette, born, foreldre og frivillige lag og organisasjonar, sponsing, avtaler om bruk av grunn med grunneigar osv. HFK har bidrege med betydeleg innsats frå rådgjevarar i Regionalavdelinga/ folkehelseteamet.

Innhald kompetanseprogrammet – kursprogrammet

Kompetanseprogrammet gav ikkje studiepoeng. Det blei gjennomført fire samlingar. I tillegg blei det arrangert eit forankringsmøte i kvar kommune. Kvar skule/ SFO har fått vegleiing på eiga prosjektutvikling. Vinter og haust 2014 gjennomførte skulane lokal prosjektutvikling. Hordaland fylkeskommune følgde prosjekta tett i utviklingsfasen.

Tidspunkt for samling Innhald kompetansesamlingane ved HiB

<i>Haust 2013 - samling 1</i>	<i>Styringsdokumenta for folkehelsearbeidet. Avklaring av ulike omgrep og skule/ SFO som folkehelsearena. Kommunehelseprofilar. Kartleggingsverktøy. Presentasjon av eigen SFO.</i>
<i>Haust 2013 - samling 2</i>	<i>Prosess – kartlegging av mat/ måltid og fysisk aktivitet. Sosial inkludering. Tiltaksutvikling. Prosedyrar for vegleiing i prosjekt.</i>
<i>Vår 2014 - samling 3</i>	<i>Involvering av nærmiljøet, og tverrsektorielt arbeid. Motivering av tilsette i SFO/ skule og samarbeid med FAU. Medverknad/ samarbeid SFO-skule-kommune. Deltaking frå borna i aktivitetar. Prosjektpresentasjonar.</i>
<i>Vinter 2015- samling 4</i>	<i>Erfaringsdeling med mellom anna presentasjon av prosjekta mm.</i>

Om utvikling av lokale tiltak i kompetanseprogrammet

I brev til Hordaland fylkeskommune 23.11.2013, stilte Helsedirektoratet krav om rapportering på bruk av tiltaksmidlane ved prosjektslutt innan 30.01. 2015. Deltakaraskulane fekk gjennom programmet «krav» om å setje tydelege mål og presisere tiltak, vise korleis dei lokale prosjekta blei implementert i folkehelsearbeidet i kommunen, beskrive korleis prosjekta kan bli langsiktige nærmiljøsatningar, vurdere i kva grad valde tiltak

verka som nærmiljøtiltak, beskrive involvering av borna og vurdere overføringsverdi til andre. Det er vidare rapportert på gjennomførte tiltak, vurdering av oppnådde mål, kor mange som direkte og indirekte har nytta godt av tiltaka, samt grad medverknad og deltaking. Alle skulane rapporterte til fylkeskommunen for vidareformidling til Helsedirektoratet i januar 2015.

Skulane valde innsatsområder i dei ulike SFO-ordningane slik:

- Kosthald og helse i SFO: Ein skule
- Uteområde på skulen/ nær skulen som nærmiljøarena: Fire skular
- Fysisk aktivitet i nærmiljøet i samarbeid med frivillig sektor inn som aktivitet i SFO-tida: To skular

For nærare omtale av prosjekta sjå vedlegg 1.

Kort oppsummering/evaluering av kompetanseprogrammet i Hordaland

a) Samarbeid om folkehelse mellom Hordaland fylkeskommune og Høgskolen i Bergen

Eit mål frå Helsedirektoratet var auka samhandling mellom fylkeskommunen og utdanningsinstitusjon. Det er semje mellom partane om at prosjektsamarbeidet har bidrege til auka kunnskap om kvarandre sine samfunnsoppdrag. Miljøa har utfyllt kvarandre i prosjektutviklinga med komplimentarande kompetanse. Samarbeid rundt undervisning og vegleiing er opplevd som nyttig. Ved seinare tilsvarande prosjekt bør fleire fagmiljø både i høgskulen og i fylkeskommunen koplast inn.

b) Val av innsatsområde i kompetansehevingskurset/ opplæringsprogrammet

Val av SFO som kvalitet i nærmiljøet vert vurdert som ei god satsing. SFO har eit stort potensiale i folkehelsearbeidet. SFO er ein arena det er lite kunnskap om frå før, og mykje folkehelsearbeid handlar om tidleg innsats. Ein når mange barn i aldersgruppa 1. til 4. skuletrinn, men ikkje alle. Hovudinnsatsområda i SFO for nærmiljøutvikling var kosthald, fysisk aktivitet og inkludering.

c) Spreiing/ vidareføring

Eit anna mål i programmet har vore kunnskapsspreiing om prosjekta. Dette er gjort gjennom heimesider, møter med ulike aktørar, lokalaviser, foredrag, rapportar, konferansar osv. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet presenterer nokre av prosjekta på sine nettsider.

<http://mhfa.no/blog/sfo-som-naermiljoarena/>

d) Deltakarevaluering

Deltakarane vurderer prosjektet som nyttig, lærerikt og inspirerande, men samstundes utfordrande å utvikle eigne prosjekt. Det blir framheva av fleire at nye program bør fokusere meir på prosjektutvikling, søknad og rapportskrivning. Erfaringsutveksling og diskusjonar med andre SFO`ar vert vurdert som nyttig og motiverande. Totalt sett er deltakarane tilfredse med både oppfølging og vegleiing, men ønskjer meir kompetanse særleg knytt til kosthald og fysisk aktivitet. Mange deltakarar framhevar at dei er blitt motiverte til å arbeide vidare med prosjekt og å samarbeide med ulike aktørar i eige nærmiljø.

Oppsummering:

Fylkesrådmannen vurderer verdien av prosjektdeltakinga for Hordaland fylkeskommune slik:

- Samarbeidet mellom Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga om folkehelse er auka gjennom pilotprosjektet. Dette gjeld særleg kjennskap til kvarandre sine

kunnskapsfelt og korleis nytte komplementerende kompetanse. Fylkeskommunen er praksisstad for bachelorstudentar i folkehelse frå HiB.

- Tiltak 2.1.1 «Gjennomføre pilotprosjekt om folkehelse og nærmiljøkvalitetar i SFO» i handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse er gjennomført. Det er utvikla ny kunnskap om SFO som nærmiljøarena. Kunnskapsutviklinga er vidare formidla til Helsedirektoratet som oppdragsgjevar.
- Prosjektet er eit viktig bidrag i den regionale folkehelsesatsinga på barn og unge.
- Skular/ SFO som innsatsområde har stort potensiale i folkehelsearbeidet. Gjennom tiltaksutviklinga er det skapt eit positivt lokalt engasjement og gode prosjekt, med små midlar. Lokalt eigarskap til tiltaksutviklinga får fram prosjekt som er utvikla ut frå eigne rammer og behov. Sjølv om fleire av prosjekta skal slutførast lokalt i løpet av våren 2015, så ser det ut som SFO/ skulane/ kommunane greier å vidareføre og nytte den nye kunnskapen. Andre kan nytte kunnskapen til utviklingsarbeid i eigen SFO.

Fylkesrådmannen vurderer det som nyttig for Hordaland fylkeskommune å delta i nasjonal kunnskapsutvikling innan folkehelsefeltet. Prosjektdeltakinga har særleg gjeve ny kunnskap om nærmiljøet sin eigenverdi og mogelegheiter for lokal samhandling i utvikling av gode nærmiljø. Denne kunnskapen kan særleg nyttast i arbeidet med å støtte opp om kommunane sitt folkehelsearbeid.

Vedlegg 1: Kort oversikt over dei lokale prosjekta.**Bergen kommune****1. Slettebakken skole****Tittel: Godt kosthold for en god hverdag**

Målet med prosjektet er å arbeide for betre helse, auke trivsel og læring gjennom satsing på godt kosthald i SFO. Gjennom gode og trygge rammer for SFO-måltidet skal barna få ein god start på dagen. Skulen ønskjer å bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og legge til rette for eit godt og helsefremjande kosthald, og styrke samarbeidet i nærmiljøet. Skulen ligg i eit område med levekårutfordringar, og med ei samansett og fleirkulturell befolkningsgruppe. Gjennom prosjektet er frukosttilbodet i SFO styrka, og 4. trinn har fått auka ansvar for ulike aktivitetar knytt til kosthald. Det vert arbeidd vidare med å auke kunnskap og erfaringar med ulike mattradisjonar og etablere gode matvanar. Samarbeidet med foreldre er styrka og ein er i gang med å etablere samarbeid med ulike aktørar i nærmiljøet. Prosjektet har overføringsverdi knytt til korleis ein kan bruke mat og måltider for å fremje inkludering.

2. Løvås skole**Tittel: Frisbeegolf for alle i Lynghaugparken**

Prosjektet er eit døme på eit samarbeid mellom SFO og lokal frisbeeklubb, med mål å fremje fellesskap, inkludering og meir fysisk aktivitet ute i ein bydel med mange grønne lunger. Gjennom aktiviteten frisbee er målet å bygge eit miljø for barn og familiar rundt nærmiljøparken. Familiedagar våren 2015 er planlagt som er ein lågterskelaktivitet for å inkludere nabolag, foreldre og barn i eit felles tiltak. Tilsette ved SFO og alle barna er kursa i frisbee og brukar dette som ny uteaktivitet i parken. Prosjektet har overføringsverdi som døme på eit samarbeidsprosjekt mellom skule og lokal frivillig klubb ved å bruke eit etablert uteområde i nærmiljøet til å fremje fysisk aktivitet.

3. Christi Krybbe skoler**Tittel: Idrettslek og basisferdigheter**

Prosjektet er eit godt døme på korleis eit samarbeidsprosjekt mellom skule/ SFO og eit lokalt idrettslag for å fremje meir fysisk aktivitet inne/ ute kan vidareutviklast. Skulen/ SFO har samarbeidd målretta i ei årrekke med eit lokalt idrettslag. Skulen brukar idrettslaget sine lokalar for ulike kurs for borna i SFO. Idrettslaget er instruktørar. Nye kurs, mellom anna orientering med nettbrett, skal innarbeidast i årshjul for SFO 2014/ 15. Prosjektet har overføringsverdi som døme på korleis eit målretta samarbeid mellom skule/ SFO og idretten kan etablerast og vidareutviklast.

Sund kommune**4. Skogsvåg/ Pollen skular****Tittel: Nærmiljøarena - Skogsvåg skule**

Hovudmålet med prosjektet er å utvikle ein arena som legg til rette for allsidig aktivitet i og utanfor skule/ SFO-tid, både for barn, unge, vaksne og eldre. Skulen har samarbeidd om å byggje ein sti med bruer og trapp til eit leikeområde i ein skog nær skulen. Avtale om bruk er gjort med grunneigarar. Det er etablert samarbeid med frivillig sektor, vidaregåande skule, foreldre og andre. Ulike aktørar har bidrege med dugnadsinnsats. I området er det lagt til rette for allsidig leik med mellom anna tarzanløype, husker, klatretau og bålplass. SFO har faste dagar med matlaging i skogen. Det er

planlagt ny leikearena på skuleplassen frå sommaren 2015. Prosjektet er eit døme på korleis felles mål kan skape felles identitet og samhandling både i skulen og SFO, og på korleis borna kan involverast i eit folkehelseprosjekt ved å legge prosjektutviklinga både inn i timeplanen og i skulens verksemdplan.

5. Stranda skule

Tittel: Tarzanløype Stranda skule

Hovudmålet med prosjektet er å utbetre uteområdet rundt skulen for å auke barna sine mogelegheiter for aktivitet både i og utanfor skuletida. Eit delmål er å få særleg jenter meir aktive. Det er etablert ei tarzanløype. Den nye løypa er kopla opp mot andre uteområde i nærområdet til skulen, og til eit anna større kommunalt prosjekt gjennom samhandling med turlag og biblioteket. Prosjektet er eit døme på korleis ein kan samordne ulike folkehelseprosjekt i ei kommune. Prosjektet er også eit godt døme på at god samhandling med FAU kan skape nytt engasjement. FAU ønskjer å vidareutvikle området til aktivitetspark med alle aldersgrupper som målgruppe.

Osterøy kommune

6. Valestrand skule

Tittel: SFO - Folkehelse og nærmiljøkvalitetar Valestrand

Tiltaket som er utvikling av uteområde ved Valestrand skule opnar for meir deltaking frå borna, breiare tilbod til bruk for SFO/ skule og for leik på tvers av generasjonar gjennom planar om å utvikle området til møteplass i bygda utanom skuletid. Området er under utvikling som eit område som kan brukast til matstad ute og til meir allsidig fysisk aktivitet. Prosjektet er eit døme på at langtidssynergjar kan skapast gjennom samarbeid mellom skule/ SFO, kommunen og idrettslaget, som også allereie har aktiviteter i området. Kommunen vil nytte prosjektet som døme på nærmiljøtiltak i si planlegging.

7. Lonevåg skule

Tittel: SFO-Folkehelse og nærmiljøkvalitetar Lonevåg

Eit mål med tiltaket (gjeld også Valestrand skule) er å auke kompetanse om folkehelse blant tilsette, kartlegge eigen SFO og vidareutvikle tilhøve knytt til eigen SFO. Gjennom utbetring av uteområde med gapahuk og grue, samt tak ute vil området to minutt frå skulen bli lettare å bruke for borna i all slags vær. Prosjektet er eit døme på at gjennom samarbeid med frivillige i friluftsrådet, med grendelag, FAU, kommunen og andre aktørar, kan eit friområde vidareutviklast for å nyttast meir av barn og unge. Kommunen vil nytte prosjektet som på nærmiljøtiltak i planlegginga si.